

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Innspel til forslag til program for introduksjon av elektrifiserte fly i kommersiell luftfart

Vi viser til høringsbrev med referanse 20/562 datert 11.03.2020. Vestland fylkeskommune har behandla saken administrativt ved avdeling for innovasjon og næring og ønsker å komme med følgende innspel:

Vi i Vestland fylkeskommune ser på nullutsleppsfly som en viktig del av mobilitetsbildet i framtida. Vi meiner at nullutsleppsfly kan binde saman fylket vårt på en helt ny måte i framtida. Vårt mål er at dette kan bli framtidens intercity-løysning for Vestlandet. Derfor synes vi at det er særers positivt at Samferdselsdepartementet har tatt initiativ til eit program for fase inn elektrifiserte fly.

Rapporten peiker på fleire anbefalingar om korleis FOT-rutene kan brukas som verkemiddel for å fase inn nullutsleppsfly. Vestland skal være en nullutsleppsregion innan 2030. Det inneberer at vi også må kutte utslippene frå luftfarten. Derfor ønsker fylkeskommunen å stille krav om nullutslepp i de framtidige ambodene for innkjøp av FOT-ruter i Vestland. Vi støtter derfor forslaget om å gi fylkeskommunane tilskot for å dekke meirkostnadene som nullutsleppskrav i FOT-ambodene vil gi i overgangsfasen. Arbeidet med ein slik tilskotsordning må starte så tidleg som mogleg og forslagene til tiltak må raskt følges opp økonomisk og juridisk.

Vi vil peike på viktigheita av at fylkeskommunane ikkje kan sitte igjen med rekninga for fase inn nullutsleppsfly på FOT-rutene. Vestland ønsker å gå framfor som first-movers for nullutsleppsfly i Norge, slik vi allereie har gjort for elektriske ferjer. For at vi skal lykkes med en tidleg innfasing av elektriske fly må risikoen være tilstrekkeleg lav, både for fylkeskommunane og marknadsaktørane. Det er derfor helt avgjerande at staten følger opp med tilstrekkelege midlar.

Flyinnkjøp tar lang tid. Mål, retning og incentiv for å fase inn elektriske fly må derfor være føreseielege, tydeleg og forpliktande, slik at vi kan ta langsiktige investeringsavgjerd. Å redusere utslipp frå fly er viktig for å nå Noreg sine klimamål.

Vestland har unike forutsetningar for å være føregangsregion for bruk av nullutsleppsfly, og geografien i fylket gjer fly til eit viktig framkomstmiddel. Lufthamnene på kortbanenettet har korte avstandar seg imellom, samt kort avstand til Bergen Lufthamn Flesland. Vi meiner derfor at Flesland er den best eigna lokasjonen for ein eventuell hub for elektriske fly i Noreg. Val av en elfly-hub må også sjåast i samanheng med det elflyinitiativet vi har i Bergen og Vestland.

Vestland fylkeskommune ynskjer å ta ansvar og vere med på å drive fram satsinga på elektriske fly i Noreg. Vi bidrar svært gjerne inn i ein nasjonal koordinerande arbeidsgruppe, dersom det er mogleg / ønskeleg.

Små elektriske fly vil kunne lande på korte rullebaner (<800 m). Kortbanenettet er derfor ideelt for innfasing av elektriske fly. Dersom ein i framtida skal få god effekt av elektriske fly i kommersiell trafikk, er det særst viktig at det ikkje leggst ned småflyplassar. Vi meiner at behovet for småflyplassar vil auke i framtida, dersom ein lykkast med innfasing av elektriske fly i kommersiell rutetrafikk.

Det vil bli behov for store investeringar i infrastruktur for lading og fylling av hydrogen for elektriske fly. Vi meiner at det er avgjerande for overgangen til nullutsleppsfly at det blir etablert støtteordningar for etablering av infrastruktur. Dette ble også spilt inn som et punkt i Vestland sitt innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 før sommaren. Vi ønsker eit nasjonalt samarbeid om nye støtteordningar til utsleppsfri luftfart og infrastruktur for lading. Vi vil også peike på viktigheita av tett og godt samarbeid for reguleringar av infrastruktur for lading og fylling av hydrogen til elfly.

Vi vil understreke at det er viktig at blant annet ENOVA kan etablere tilskotsordningar til infrastruktur tidleg. Det kan medverke til at også eklektiske sjø- og småfly kan bli fasa inn enda tidlegare enn større elfly på kommersielle ruter. Tidleg innfasing av elektriske sjø- og småfly vil demonstrere teknologien og skape ein større tillit til elektriske fly blant befolkninga generelt og gjere innfasing av elfly i kommersiell rutetrafikk lettare.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Even Storheim
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift